

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Hordaland fylkeskommune			
	Dokumenttype: Retningslinjer	Godkjend av: Fylkestinget	Gjeld frå: 26.03.09	Tal sider: 2
	Utarbeidd av: Organisasjonsavdelinga	Godkjend dato: 18.03.09	Revidert dato:	Arkivsak: 200802368-12/00.T02

Innleiing

Tillit til folkevalde og tilsette i offentlege organ er ein føresetnad for lokaldemokratiet. For å oppnå tillit må det vere høg etisk kvalitet på tenesteyting og utøving av mynde. Gjennom det er ein med på å bygge eit godt omdømme som aukar handlingsrommet til dei folkevalde og gjer det mogleg for Hordaland fylkeskommune å fylla rolla som ein god tenesteytar, samfunnsutviklar, forvaltningsorgan og arbeidsgjevar. Målet med desse etiske retningslinjene er at folkevalde og tilsette skal vere seg dette bevisst, og ha ei reflektert haldning til etikk i sitt daglege virke. Retningslinjene har grunnlag i allmenne etiske verdiar og normer som ærlegdom, rettferd, lojalitet, openheit og tillit. Omsynet til innbyggjarane skal vere i sentrum for fylkeskommunen si verksemd. Dei etiske retningslinjene gjeld for alle i Hordaland fylkeskommune, både folkevalde, fylkeskommunale representantar i andre styre, råd og utval og tilsette. Folkevalde og leiarar har eit særskilt ansvar for sjølv å følgje dei etiske retningslinjene og å sjå til at desse vert etterlevd i fylkeskommunen.

1. Informasjon og offentlegheit

Det skal vere openheit og innsyn i forvaltninga slik at ålmenta kan gjere seg kjent med verksemda i fylkeskommunen og slik kunne få innsyn i korleis fylkeskommunen utfører oppgåvene sine. Informasjon som vert gitt til ålmenta skal vere korrekt og objektiv. Fortrulege opplysningar som vert mottekne i samband med tenesteforhold, må ikkje brukast til personleg vinning.

2. Ytringsfridom og lojalitetsplikt

Tilsette har ein grunnleggjande rett til å ytre seg på *eigne vegne* og gje uttrykk for sine eigne oppfatningar med mindre opplysningane er teiepliktige, eller det å gje ut opplysningane vil vere i strid med lojalitetsplikta som normalt gjeld i arbeidsforhold. Den tilsette skal gjere det klart at ho/han uttalar seg på eigne vegne.

Tilsette skal lojalt utføre sine arbeidsoppgåver etter dei regler og instruksar som gjeld for fylkeskommunen.

3. Varsling

Det er eit mål for Hordaland fylkeskommune at kritikkverdige forhold vert avdekt og følgd opp. Det er derfor ønskjeleg at tilsette seier ifrå dersom dei får kjennskap til kritikkverdige forhold i fylkeskommunen. (Sjå nærare om varsling i Personalhandboka/ Reglement og retningslinjer/ Rutinar for varsling).

4. Teieplikt

Folkevalde og tilsette i Hordaland fylkeskommune har teieplikt fastsett i lov eller medhald i lov. Kommunikasjon av sensitive personopplysningar må ikkje skje på ein slik måte at uvedkommande får innsyn. Teieplikta gjeld også etter at ein har slutta i fylkeskommunen.

5. Habilitet og interessekonfliktar

Folkevalde og tilsette i Hordaland fylkeskommune skal ikkje opptre på ein måte som er eigna til å svekke tilliten til at dei er upartiske. Brot på habilitetsreglane kan føre til at eit vedtak vert kjend ugyldig.

Tilsette kan ikkje som leverandør delta i konkurranse eller inngå kontraktar med den avdeling/ eining der ho/han sjølv arbeider.

Tilsette må unngå å kome i interessekonflikt i samband med evt. anna løna arbeid. (Sjå Personalhandboka/ Reglement og retningslinjer/ Personalreglementet.)

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Hordaland fylkeskommune			
	Dokumenttype: Retningslinjer	Godkjend av: Fylkestinget	Gjeld frå: 26.03.09	Tal sider: 2
	Utarbeidd av: Organisasjonsavdelinga	Godkjend dato: 18.03.09	Revidert dato:	Arkivsak: 200802368-12/00.T02

6. Fagleg sjølvstende, objektivitet og integritet

Tilsette skal sikre at arbeidet er tufta på fagleg sjølvstende, objektivitet og integritet. Dette vert gjort i samarbeid med kollegaer og leiarar og ved å leggje til grunn faglege kunnskapar og skjønne gjennom heile tenesteutøvinga.

7. Omdømme

Folkevalde og tilsette skal ikkje opptre på ein slik måte at menneskeverdet vert krenka eller at omdømmet til fylkeskommunen vert skada, eller slik at publikum og brukarar (elevar, pasientar m.m.) misser tillit til fylkeskommunen eller tenesteutøveren.

8. Gåver og fordelar m.m.

Folkevalde og tilsette skal ikkje, verken for seg sjølv eller andre, ta imot eller leggje til rette for å ta imot gåver, reiser, hotellopphald, bevertning, rabattar, lån eller andre ytingar eller fordelar som er eigna til, eller som givaren har meint, å kunne påverke tenesteutøvinga eller avgjerdene.

Folkevalde og tilsette må ikkje bruke stillinga si til å skaffe seg sjølv eller andre ein urettkomen fordel. Dette gjeld også i tilfelle der desse fordelane ikkje er eigna til å påverke tenesteutøvinga eller avgjerdene.

Representasjon og liknande skal haldast innanfor vanlege normer for sosialt samvær. Dersom leverandørar m.v. tilbyr reiser o.l. er det ein føresetnad at fylkeskommunen dekkjer utgifter til reise og opphald.

Rammeavtalar med leverandørar skal ikkje brukast av folkevalde og tilsette til privat bruk med mindre det er rabattordningar som er ålment tilgjengeleg for alle tilsette i fylkeskommunen. Dette gjeld og folkevalde og tilsette sine næraste.

Fylkeskommunen sin logo, brevhovud eller porto skal aldri brukast i privat korrespondanse. Dersom folkevalde og tilsette kjem opp i problemstillingar knytt til gåver m.m., skal spørsmålet leggst fram for næraste overordna.

9. Forretningsdrift

Fylkeskommunen si forretningsdrift skal vere basert på god forretningsskikk, sikre at ein følgjer gjeldande lover og reglar, og bidra til at fylkeskommunen når sine mål. Alle innkjøp i fylkeskommunen skal gjennomførast i samsvar med lov og forskrift om offentlege anskaffingar og fylkeskommunen sin innkjøpspolicy. (Sjå Innkjøpsportalen)

10. Berekraftig utvikling

Folkevalde og tilsette i Hordaland fylkeskommune skal vere seg bevisst det samfunnsansvar som følgjer forvaltning av fellesskapet sine ressursar.